



Notat

Dato: 29.11.2016
Arkivsak: 2014/560-269
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Fylkestinget

Frå: Ungdommens fylkesutval

Barn som lever i fattigdom - uttale frå Ungdommens fylkesutval

Som nemnd i saksutgreiinga er utdanning og skule med på å utjamne sosiale og økonomiske ulikheitar i samfunnet. Ungdommens Fylkesting er einige i dette og meiner difor at det er viktig å satse på ein vidaregåande skule som er tilgjengeleg for alle og har gode tilbod og høg gjennomføringsgrad. Ein bra og gratis skule er eit av dei beste førebyggande tiltaka mot barn som lever i fattigdom. For å auke gjennomføringsgraden er det viktig med ein skule der kvar elev trivs. Tilrettelagd undervisning bør stå sentralt og reflektere kvar elevs behov slik at alle elevar kan kjenne på meistring, og ha eit positivt syn på skule. For å sikre at elevar som droppar ut i frå vidaregåande skule ikkje fell vekk ifrå systemet, er det viktig å vidareføre tilbod som Hyssingen Produksjonsskule, der skulelei ungdom kan komme og bli betre motiverte til å gjenoppta utdanninga si.

Gratisprinsippet i skulen er svært viktig i ein skule som skal vere for alle og viktig for å minimalisere talet barn som lever i fattigdom. Det er difor sjølv sagt at alle elevar skal ha høve til å delta i alt som skjer i regi av skulen, utan å måtte betale for det.

UFT stiller seg positive til ytterlegare styrking av tilbod som Leksehjelpen og Sommarskulen forutsett at gratisprinsippet i all grad skal omfatte desse tilboda også.

Tannhelse

UFT er samde i og stiller seg positive til tiltaket om å sette tannregulering inn under gratis tannhelseteneste. Ei viktig sak for UFT er at tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg for ungdom i fylket med gratis tannhelseteneste til ut året ein fyller 20.

Ungdommens fylkesting meiner:

- Det skal ikkje leggast opp til utgifter for den enkelte elev i opplæringa som går utover det eit grunnstipend dekkjer.
- Det skal ikkje vere kopi- og utskriftsavgift ved vidaregåande skular.
- Alt naudsynt skolemateriell skal dekkjast av grunnstipendet/utstyrstipendet.
- Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.
- Tilbod som Hyssingen Produksjonsskule bør synleggjerast og vidareførast.

Ungdommens fylkesutval (UFU) er svært glad for å bli tatt med i prosessen og at våre innspel blir tatt med i sakar som er aktuelle for oss. Så lenge me får saka førelagd i nok tid før de treng uttala så skriv me gjerne ei uttale i sakar me er oppteken av. Me i UFU har møte kvar månad så det burde ikkje vere eit problem å finne eit møte me kan diskutere den aktuelle saka over.